

**Sakshandsamar:**

Siri Merete Nedland

E-post: siri.nedland@sfj.no

Tlf: 57 65 62 11

Vår ref.

Sak nr.: 09/3907-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

27640/09

Dykkar ref.

200903642

Dato

LEIKANGER, 23.11.2009

Det Kongelige kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

NOU 2009:18 Rett til læring – fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Generell innleiing

*Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som svært positivt at Midtlyngutvalet i **NOU 2009:18 Rett til læring** legg til rette for å styrke overordna prinsipp om tilpassa og likeverdig opplæring for alle, med særleg fokus på læringsmiljøet, tidleg innsats og førebygging. Retten til læring blir slik sett ikkje berre ein rett til eit opplæringstilbod, men set også krav til innhald i og kvalitet på opplæringa.*

Mandatet til utvalet har mellom anna vore å lage eit oppdatert kunnskapsgrunnlag (på bakgrunn av analyse og drøfting) som utgangspunkt for ei heilskapleg tiltakskjede for barn, unge og vaksne med behov for særskild oppfølging.

Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering vert ikkje ei slik heilskapleg tiltakskjede "synleggjort" i utgreiinga. Mange av framlegga i utgreiinga er isolert sett gode, men det manglar ein tydeleg samanheng mellom dei, der også roller, oppgåver og ansvar er tydeleg nok definert. Analysedelen peikar på manglar i systemet for spesialundervisning slik det fungerer i dag, men prøver i liten grad å drøfte årsakene til dette.

Utvalet gjer i rapporten greie for sentrale utfordringar knytte til det å gje gode tilbod til barn, unge og vaksne, med utgangspunkt i følgjande:

- tendensen til einsretting og mangel på omsyn til mangfald i opplæringa
- ulike oppfatningar (og tolkingar) av regelverket
- mangel på samarbeid og samarbeidskompetanse
- tilhøve knytte til den spesialpedagogiske innsatsen.

Utfordringane er oppsummerte i tre hovudpoeng:

1. Ein auke i kvaliteten på opplæringa gir også auke i læringsutbytte
2. Intensjonane i lovverket må i større grad følgjast
3. Rett kompetanse på rett nivå.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er i hovudsak samd i vurderingane som ligg til grunn for tiltaksdelen i rapporten.



Rapporten framstår elles, på grunn av dei mange særmerknadene frå medlemmer i utvalet, som sær srikande på viktige punkt. Dette er ein svakheit. Sogn og Fjordane fylkeskommune har valt å kommentere på dei ulike framlegga uavhengig av særmerknadene.

Framlegga til tiltak

Sogn og Fjordane fylkeskommune kommenterer i det følgjande nokre av framlegga i dei 6 hovudstrategiane.

1. Tidleg innsats og førebygging

Det er svært positivt at det her vert gjort framlegg om at skuleeigar får plikt til systematisk og kontinuerleg oppfølging av utviklinga til barn og unge, inkludert læringsmiljøet.

Utvalet forslår under denne hovudstrategien elles å innføre ei læringsbok skal følgje alle barn og unge gjennom heile opplæringsløpet. Læringsboka skal vere eit verkty som skal dokumentere læring og læringsmiljø, trivsel og personlege utvikling og skulen si oppfølging og tilrettelegging. Vidare skal læringsboka styrke samarbeidet og dialogen med heimen, sikre samanhengar og gode overgangar i opplæringsløpet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at dette framlegget må greiast ut nærare før det er mogeleg å ta stilling til det. Her er mange usikre og uavklara forhold som gjeld juridisk status, mellom anna i høve enkeltvedtak og klagerett. Avgrensingar for kva som skal inn i læringsboka og kven som skal "eige" boka er ikkje avklara i rapporten, heller ikkje om denne skal vere elektronisk eller papirbasert.

2. Rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa

Sogn og Fjordane fylkeskommune merker seg at heller ikkje Midtlyng-utvalet har gitt ein god definisjon på kva som er "tilfredsstillande utbytte av opplæringa".

Utvalet grunnjev framlegget om endring av nemning frå "rett til spesialundervisning" til "rett til ekstra tilrettelegging" med at omgrepet spesialundervisning er avgrensande i høve det mangfaldet av tiltak og tenester som alt finst. Utvalet understrekar at det ikkje skal vere noko skilje mellom tilpassa opplæring og ekstra tilrettelegging i opplæringa – alt er tilpassa opplæring - men for nokre elevar vil den måtte vere "ekstra tilrettelagd", i form av pedagogiske og organisatoriske styrkingstiltak.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i denne grunngevinga og vurderinga. Vi gjer framlegg om å nytte omgrepet særskild i staden for ekstra, då dette etter vår vurdering er meir presist i høve det dette handlar om.

Ekstra tilrettelegging skal etter framlegget kunne vedtakast/setjast i verk

- 1) i samarbeid med pp-tenesta, men utan at ei sakkunnig vurdering vert lagt til grunn
- 2) på grunnlag av sakkunnig vurdering dersom opplæringa inneber avvik frå læreplanane.

Framlegget om å kunne gjere enkeltvedtak om ekstra tilrettelegging både med og utan sakkunnig vurdering fører til at vi får to variantar av ekstra tilrettelegging. Konsekvensane av dette må greiast ut nærare før det er mogeleg å ta stilling til det.

3. Tilpassa og fleksible opplæringsløp

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i hovudsak framlegga i dette kapitlet som gjeld å leggje fleksible opplæringsløp til rette for fleire.

Vi ønskjer å presisere at differensierte læreplanar ikkje er identisk med yrkesretting av opplæringa. Etter vår vurdering kan ei differensiering føre til senking av krava til faga i yrkesfaglege utdanningsprogram, noko som ikkje er ønskeleg.

Det er ikkje gjort nærare greie for kva utvalet legg i intensivordningar for å leggje til rette for lærlingar med særskilde behov, men det er nærliggjande å tru at dette vil få store økonomiske konsekvensar. Det er vidare uklart kva utvalet meiner med framlegget om at fylkeskommunane skal vidareutvikle og gjere tilgjengelege opplæringstilbod med avvik frå læreplanane. Gjeld dette ei vidareutvikling av lære kandidatordninga? Framlegget må sjåast i samanheng med Karlsen-utvalet si utgreiing.

4. PP-tenesta og Statped tettare på

Det er eit uttrykt mål i rapporten at både pp-tenesta og Statped skal vere "tettare på brukarane. Ei klarare ansvarsfordeling er også nødvendig.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er usikker på om ei oppbygging av eit nasjonalt utviklingssenter for pp-tenesta er rett ressursbruk i høve målsettinga om eit tenestetilbod nærast mogeleg brukaren. Ei slik organisering bidreg etter vår vurdering til det motsette av intensjonane, nemleg å binde store ressursar langt frå brukarane. For å nå målet om ei teneste tettare på brukarane vil ei styrking av den operative tenesta, gjennom å bruke frigjorte midlar lokalt/regionalt gje større effekt.

Dersom det skal initierast eit kompetanseutviklingsprogram for pp-tenesta er det viktig å samordne denne med kompetanseheving i opplæringssektoren generelt, ikkje som eit rent fagtiltak for tenesta. Kommunar og fylkeskommunar (som eigarar av tenesta) må få medverknad og ansvar når det gjeld utforming, innhald og gjennomføring. Tilpassing til lokale og regionale utfordringar er ein føresetnad for at ei slik satsing skal gje effekt der det trengst.

Statped er i rapporten foreslått organisert som fire regionkontor, med den konsekvens at Statped Vest avd nord (Sandane) vert lagt ned. Sogn og Fjordane skal etter framlegget i framtida få tenester knytte til såkalla "kompliserte" (lågfrekvente) saker frå eit regionsenter i Bergen, medan kompetansen på høgfrekvente saker skal byggjast/finnast lokalt i pp-tenesta.

Dette framlegget kan etter Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering berre få effekt for brukarane dersom vi nyttar frigjorde ressursar til ei styrking av pp-tenesta lokalt, både når det gjeld kompetanse og omfang.

5. Heilskap krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i utgangspunktet framlegga under denne strategien. Nokre av dei er i sette i verk, som til dømes ein forpliktande samarbeidsavtale med NAV. Andre av framlegga er for uforpliktande og upresist formulert, t.d. som gjeld samarbeid mellom ppt og oppfølgingstenesta og tiltak for "barn under barnevernets omsorg".

Det er uklart for Sogn og Fjordane fylkeskommune korleis ein ser for seg at retten til ein tenesteytar ved "vedvarende og sammensatte behov" skal fungere i praksis. Vi er også usikre på om det er rett at pp-tenesta får ein sjølvstendig og generell tilvisingsrett til BUP og HABU.

6. Auka kompetanse på alle nivå

Sogn og Fjordane fylkeskommune er i hovudsak samd i framlegga som gjeld å styrke kompetansen hos alle som har arbeidsoppgåver knytte til opplæring av barn, unge og vaksne med rett til læring. Sjå også merknad til punkt 4.

Det er viktig at eit varig system for vidareutdanning vert etablert og forankra lokalt og at nødvendige ressursar stilt til rådvelde for skuleeigar som øvste ansvarlege for dette.

Nokre av framlegga i dette kapitlet er elles uklare/upresise, og må konkretiserast nærare før det er mogeleg å ta stilling til dei.

Økonomiske og administrative konsekvensar av framlegga

Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering er ikkje utvalet sin gjennomgang av økonomiske konsekvensar av dei vel 60 framlegga god nok som avgjerdsgrunnlag.

Med helsing

Bekka Skaasheim (s)
fylkesdirektør

Siri Merete Nedland
fagkoordinator